



**Fyresdal kommune
Barnehagen**

NY I BARNEHAGEN

- **INFORMASJON TIL FORELDRE OG
FORESATTE**

JUNI 2019

NÅR BARNET SKAL BYRJE I BARNEHAGEN

KVA ER EIN BARNEHAGE?

Barnehagar er veldig forskjellige og det er uråd å fortelje alt om barnehagen i eit skriv som dette. Men alle har likevel noko til felles. Ein barnehage er ei pedagogisk tilrettelagt verksemd som er leia av ein barnehagestyrar, samt pedagogisk leiar, fagarbeidarar og assistentar. I tillegg har vi reinhaldspersonale og vaktmesterar som er viktige personar i barnehagen.

DAGEN I BARNEHAGEN

I barnehagen brukar vi ofte ordet "dagsrytme" – som seier noko om dagen i barnehagen. Ved sida av dagsrytmen vil du møte ulike type planar og informasjonsskriv som viser kva barnehagen arbeider med. En dag kan bestå av leik, organiserte aktivitetar, samling, smågrupper, måltid og turar. For dei minste er det i tillegg sovetid. Når det gjeld soving prøvar vi å legg til rette for kvar enkelt. Dagen er lang og aktivitetane mange og barna treng tid til kvile.

DAGSRYTME

Kl. 07:00 Barnehagen opnar

Kl. 09.30-11.00 er det gruppeaktivitetar. Møte- og telefonfri tid.

Kl. 07.30-09.30 og frå 12.00-16.30 er det grupper/aktivitetar/leik inne eller ute

Kl. frå ca 10.30/11.00 og kl 13.30/14.00 måltid

Kl. 16:30 Barnehagen stenger

FRILEIK

Frileik er den leiken som barn sjølv set i gang. Det kan vere rollelek – som å byggje hytte og leike mor, far og barn eller aktivitetar som teikning og måling. Leiken er det som best utviklar fantasi, utforskartrang, samarbeidsevne og ikkje minst lyst og glede over å skape og lære noko saman med andre.

Gjennom leiken bearbeider barna opplevingar og erfaringar. Og det er nettopp opplevingane som er det viktigaste i løpet av barnehagedagen. Det er ikkje så viktig at barn skal produsere mykje og ta med heim. Prosessen bak, er det vi legg mest vekt på.

I barnehagen er dei vaksne ofte aktivt med i barns leik. Personalet kan også bare vere ei støtte der det trengs.

KORLEIS OPPLEVER BARNET Å BYRJE I BARNEHAGEN ?

Dei fyrste åra av livet vårt opplever vi stadig nye situasjonar. Det treng difor ikkje vere verken skremmande eller vanskeleg for eit trygt og tillitsfullt barn å byrje i barnehagen. Men det at mor og far ikkje skal vere der, er nytt for mange barn.

TILVENNINGSPERIODEN

Vi ynskjer at foreldra kjem på besøk før oppstart. Då kan vi planlegge tilvenningsperioden saman.

Før barnet starter får foreldra eit brev med informasjon om oppstart, informasjon om personal på avdelinga til ditt barn og ei liste over kva barnet ditt treng i barnehagen – "Velkommen i barnehagen". Vi har også ei oppstartsamtale med foreldra i tilvenningsperiode.

Vi ser som nødvendig at ein av dei føresette set av minst tre dagar til tilvenning. I enkelte tilfelle kan det vere behov for lengre tilvenning. Barnet trenger mamma eller pappa i nærleiken dei fyrste dagane.

FYRSTE DAG:

Den fyrste dagen bør foreldra halde seg nær barnet og vere tilgjengeleg heile tida. Foreldra steller barnet sitt, sit saman med barnet under måltidet, er i rommet under lek osv. Det er viktig for oss å sjå barn og foreldre saman. Det gjer viktig informasjon om barnets vaner, måte å kommunisere på osv. Det er informasjon som vil bidra til å gjere barnets barnehage kvardag best mogleg. Den fyrste tilvenningsdagen varer gjerne bare eit par timar.

ANDRE DAG:

Den andre dagen overtek personalet meir av ansvaret for barnet, men fremdeles er foreldra med i stell, ved måltid og legging. Foreldra bør etter avtale forlate rommet/barnet ei stund, t.d. kan du gå på pauserommet, ut...

TREDJE DAG:

Den tredje dagen planlegg foreldre og personalet saman. Ein ser om det er mogeleg for at foreldra kan trekke seg tilbake i lengre periodar. Det er barnets tryggleik etter dei to fyrste dagane som bestemmer dette. Det er lurt med korte dagar i byrjinga.

Gradvis lærer barnet seg til at du må gå. Snakk med barnet og gjer avtaler. Barnet veit når du må gå og kvifor. T.d.:

"Eg blir med deg inn, snakkar litt med dei vaksne. Du får ein klem, eg går. Vi vinkar i vindauget, eg hentar deg når eg er ferdig på jobb."

Foreldre har dessverre ikkje lovfesta rett til å få fri frå arbeidet når barnet skal byrje i barnehagen. Men mange arbeidsgjevarar gjev rett til inntil 3 dagar fri i samband med barnehagestart.

Ein av dei vaksne på avdelinga til dei minste fungerer som primærkontakt for barnet den fyrste tida og har fast tidlegvakt slik at omsorgsfunksjonen gradvis kan overførast.

Tilvenningsperioden varer frå barna klarer å sleppe foreldra til dei skjønner og kjenner til det meste av barnehagekvardagen; nye vaksne og barn, rom og hus, materiale, utemiljø, nye rutinar og reglar.

Dersom barnet ditt ikkje har det bra, vil vi alltid ta kontakt og drøfte situasjonen med deg – både i tilvenningsperioden og seinare. Dersom du sit heime eller på jobb med "klump i magen" – ta ein telefon til oss for å høyre korleis det går – sannsynlegvis kan vi fortelje deg at barnet har det bra.

FORELDRESAMARBEID

Det er sikkert ting du som forelder lurar på den fyrste tida. "Kvifor gjer dei slik? Kva meining er det?"

Vi set pris på at du stiller spørsmålsteikn ved vår måte å gjere ting på. Det er viktig at du som forelder seier i frå og snakkar ut om ting du mislikar/likar i barnehagen. Eit godt forhold mellom personal og foreldre er avgjerande for barnets trivsel. Dersom barnet ser at du unngår å snakke med personalet, eller høyrer at du drøftar kritikkverdige forhold i barnehagen, kan barnet kome i lojalitetskonflikt. Barnet må ha lov til både å vere glad i dei

heime og personalet i barnehagen sin. Gå derfor direkte til barnehagen ved styrar eller pedagogisk leiar, dersom det er noko du lurar på.

Det er også ein god regel at du og personalet ikkje snakkar "over hovudet" på barnet. Barn forstår mykje meir enn vi trur. Barna skal så langt det er mogeleg vere med på samtala. Barnehagen ynskjer eit nært samarbeid med heimen, slik at vi så langt det er mogeleg kan ta omsyn til individuelle behov.

FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Frå Lov om barnehage:

"§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget."

KVA GJER EG I BARNEHAGEN NÅR EG ER PÅ TILVENNING?

Mange foreldre føler seg kanskje overflødig på tilvenningsdagane. Du er kanskje usikker på kva rolle du har. Normalt har vi ikkje alle dei nye barna på same tid, men det kan vere ganske mange på avdelinga i tilvenningsperioden. Personalet må også ta seg av barna som har plass frå før. Di viktigaste rolle er og vere der som ein trygg person for barnet ditt. Hjelp barnet og kome i gang med leik, ta kontakt med dei andre barna. Med andre ord delta aktivt saman med barnet. Dersom dette ikkje er nødvendig, at barnet finn på ting sjølv og går greit inn i leiken, kan du spørje dei tilsette om du kan hjelpe til med noko. Ta del der det trengs i forhold til andre barn, borddekking, påkledning. Det er viktig at barnet ditt ser at du har det bra, at du snakkar med personalet og dei andre barna. Det gjer barnet ditt trygt.

HENTING I BARNEHAGEN

Dersom barnet leikar, lat barnet avslutte om du har tid. Du kan heller pakke sekken imens. Ved henting prøvar vi å gje ei positiv tilbakemelding på dagen til barnet. Det er viktig at alle skal reise herifrå med ei god oppleving. Inni mellom vil du som forelder oppleve at vi ikkje har "tid" til ein prat i hente/bringesituasjonar. Det kan vere fordi vi manglar personal, at vi har barn i barnegrupper som har behov for ekstra oppfylling (desse skal prioriterast) eller at det oppstår situasjonar i barnegruppa som krev oss. I slike situasjonar må du vente eller ringe tilbake.

BARNET VIL IKKJE BLI MED HEIM

Innimellom vil ikkje barnet heim, og hentinga kan dra ut. Det er heilt normalt.

Gje uttrykk for at du forstår barnet. At det er moro å leike, men at dykk faktisk må heim nå. Nokre barn vil ikkje gå frå det dei held på med, når du kjem for å hente det. Slike reaksjonar kan ha ulike årsaker, kanskje held barnet på med noko det nødvendig vil sleppe.

Nokre barn brukar denne situasjonen på å "teste" ut foreldra sine. Dersom du som forelder synest dette er vanskeleg kan du be om råd og eller lage avtale med personalet på tiltak. Personalet er støttespelarar som skal supplere deg i di oppdragargjerning.

Dersom barnet skal hentast av andre enn foreldra må personalet få beskjed om dette.

Det vil igjennom heile barnehageåret byrje nye barn i barnehagen. Dette gjer at fokus på tilvenning vil vere sentralt hos personalet gjennom heile året, ved at barnegruppa endrar seg.

Utemiljøet er det same for liten og stor. Det er også mogeleg å besøke avdelingane til kvarandre kvar dag heile året.

ALDER

1. ÅRINGEN

Mat og søvn utgjer ein stor del av livet for ein eittåring, og leik blir stadig ein viktigare aktivitet. Typisk for ein 1-åring er at dei sansar, utforskar, observerar, kryp og krabbar, reiser seg opp og brukar kroppen til å gjere seg erfaringar. Dei bruker kroppsspråket, lydar og gestar for å vise kva ynskjer og kva dei har behov for.

I slutten av det fyrste og byrjinga av det andre leveåret sitt, vil barn føretrekkje å leike med ting dei kan dunke med, dytte, dra, pirke inni, klemme saman, ting som lager spanande lydar, og som ein kan suge på, bite på, sleppe ned, snu opp ned, sitje på og sparke på osv.

Om barnet er 1 år eller 2 år vil dei vere nysgjerrige og utforske på ulike nivå. Dei lærer om korleis ting er, korleis dei virkar, kva dei kan gjere med dei, kva dei er til...

I barnehagen vil vi leggje til rette for og skape rom for dette.

TOÅRINGEN

Denne perioden kan vere utfordrande, men innan barnet fyller tre år vil mykje av det som utgjer "toårstrassen" bli mindre. Samtidig oppdagar barnet at også andre har kjensler og gjer forsøk på å dele med andre.

TREÅRINGEN

Tida mellom tre og fire år er ein periode kor barnet er full av energi, fantasi og nysgjerrigheit. Personlegdomen utviklar seg voldsomt – nå kjem barnets karaktertrekk meir til syne.

FIREÅRINGEN

I denne alderen blir barnet meir sjølvstendig og oppteken av samanhengar og årsakar til kvifor ting er som dei er. Samtidig kan det sjølv fortelje historiar og gjere seg forstått.

FEMÅRINGEN

Femårsalderen er som oftast ein lukkeleg og harmonisk periode for barnet. Det nærmar seg skulestart og barnet byrjar å få grep om kva tid og klokkeslett er.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

OPNINGSTID

Barnehagen opnar kl. 07.00 og stenger kl. 16.30.
Kjernetida er frå 10.00 til 11.00.

HELSEERKLÆRING

Før at barnet skal byrje i barnehagen må det leggest fram erklæring om helsa til barnet. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingane på helsestasjonen, kan slik erklæring gjevast av foreldra.

SJUKDOM

Har barnet svekka allmenntilstand må det vere heime frå barnehagen (oppkast, diare, feber...) sjå skriv frå helsesyster/lege. Skulle barnet bli dårleg eller skade seg i barnehagen, vil foreldre få fortløpande melding. Er det nødvendig kontaktar personalet helsehuset og avtalar å møte foreldre/føresette der. Det er difor viktig at personalet veit kor vi kan få tak i dykk. Barnehagen dokumenterar skader med skademeldingsskjema som foreldra får.

Sjå eige skriv for sjukdom hos barnet.

FRÅVÆR

Ved sjukdom eller fri, gje beskjed til avdelinga innan klokka 09.30.

MAT

Barnet får to måltider og frukt i barnehagen. Vi har som målsetjing å lage varmmat ein gong i veka. Vi legg vekt på næringsrik og variert kost.

Gje beskjed dersom barnet ditt har spesielle behov (intoleranse, allergi...), så løyser vi dette saman.

Matkulturen i barnehagen skal vere prega av eit sunt kosthald.

LEIKER

Barnehagen kan diverre ikkje erstatte private leiker som går sund i barnehagen. Dersom leiker har kome bort prøvar vi så langt vi kan å hjelpe foreldra med å finne desse, men i hente/bringe situasjonen har vi ikkje alltid kapasitet til dette.

EKSTRAKLEDE

Alle barn må ha ekstra sett med tøy, også uteklede i barnehagen.

NB! Hugs å skrive namn på alt tøy.

Barn er aktive og bør ha klede som er tilpassa leiken dei er i. Inne bør dei ha lette og ledige klede, samt innesko/sandalar/tøflar. Til utebruk må klede tilpassast ver og årstid.

Bleiebarn skal ha bleier liggjande i barnehagen. Personalet gjev beskjed når det trengs påfyll.

Fredag må foreldra tømme hyllene grunna reinhald.

TAUSHETSPLIKT

Personalet har taushetsplikt etter Forvaltningsloven § 13. Personalet i barnehagen har også opplysningsplikt til sosialteneste og barnevernteneste etter Lov om barnehager § 21 og §22.

BURSDAG

Vi ynskjer og gjere ekstra stas på barn som har bursdag og så langt det let seg gjere ynskjer vi å feire på sjølve bursdagen eller rett etter. Då flaggar vi for barnet, vi lagar krone og har ei lita markering.

Nokon foreldre ynskjer og halde privat bursdagsfeiring for barna i barnehagetida. Det synest vi er heilt greit. Då må sjølvstilt "arrangøren" syte for at dette er avklart med foreldra og at barnehagen har fått beskjed om at andre hentar barnet.

For at enkeltbarn ikkje skal føle seg utanfor må alle innanfor ei gruppe få invitasjon. T.d. alle jenter, alle innanfor årskullet, heile avdelinga...

PARKERING

Trafikkreglene § 16, punkt 1: " I eller ved bebyggelse må det ikke foregå unødig og forstyrrende kjøring med motorvogn. **Der må det heller ikke foregå bruk av motor på tomgang eller annen bruk av motorvogn som volder unødig støy eller unødig utslipp av røyk eller gass.**"

Bilar som står på tomgang og med nyklane i er ei fare og eksosen går rett inn i vårt lufteanlegg.

Husk 30 km sone.

KJØP AV EKSTRA DAG

Har du behov for ein ekstra dag i barnehagen, ta kontakt med leiar på di avdeling. Dette let seg ofte ordne, men det vil medføre ekstra kostnader for deg som foreldre. Det er ikkje høve til og byte mot ein annan dag, ein må kjøpe ekstradag.

BESØK I BARNEHAGEN

Foreldre som har barn som skal byrje i barnehagen er velkomne til å vitje oss i barnehagen. Barna må ha foreldra med, og det skal gjerast avtale med personalet.